



Jan Rabben med fotoreportasje frå Skorpo (Foto: Ola Matti Mathisen)

I morgon ligg ein perle av ei bok til sals hjå bokhandlarane i Kvinnherad og julegåva bør dermed vera sikra. Høgt og lågt i Kvinnherad har 425 bilete på 170 sider og skal ein først innvende noko måtte det vera at det kanskje er for mange og for små bilete. Men vi forstår at hovudfotograf Jan Rabben har vore stilt overfor eit dilemma: Kva i all verda skal kuttast ut i eit slikt mangfald av gode motiv? Alle bygdene skulle med og Uskedalen har ingen grunn til å kjenne seg diskriminert. Vi har 14 sider og på dei finn ein mellom anna 25 bilete av vårt stolte fjell Ulvanåso frå alle moglege vinklar.

Både Skorpo med Johannes

Hauge og dyra hans og Friheimfamilien med sin gardsmatproduksjon er på plass og vi går ut ifrå at serien av orrfugl i hektisk spel er frå Storhaug.

Rabben fekk fortent ein sekk med ros då boka vart presentert av han sjølv i Folkehøgskulen på Halsnøy i kveld - som ein del av eit kulturprogram med høg kvalitet. Blant orda som vart brukt var kreativ, tålmodig, grundig, kunnskapsrik og nøyaktig og det dokumenterer han ikkje minst i bileta av dyr og fuglar der han ligg i toppklassen i landet.

Biletserien av havørna som fiskar er noko av det ypperste i boka medan det beste hjortebiletet er teke av ein annan framifrå fotograf - Atle Helland. Han har også to toppbilete frå Opsangervatnet.

Rabben sjølv har også fått imponerende mykje ut av sine flyturar når ein tenkjer på kor mykje dårleg ver vi har her på desse kantane. Og atter sett gjennom lokale brillar: Bileta hans av den fyrste isen på Fjellandsbøvatnet er ikkje berre fotografi - det er kunst! Det same er eit dråpebilete.

Boka er trykt i Haugesund og kvaliteten er på topp. Det er gledeleg at ein ikkje treng å dra til Kina eller andre fjerne stader for eit slikt oppdrag.

Kvinnherad Turlag har med denne boka gjort eit vellukka løft for å marknadsføre ein flott kommune og få fleire ut i naturen. Dette er ein kulturinnsats av fyrste rang.

Av Ola Matti Mathisen



Friheimfamilien har fått sin fortente plass